



ALVER
KOMMUNE

Plan og byggesak

Alfred Einar Mjelde
Selfallet 82
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8931 - 22/53802

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2022

Avvist søknad om kaifront - gbnr 443/101 Toska

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Saknr: 748/22

Terje Birkeland

Alfred Einar Mjelde

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om kaifront avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.


Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 20.10.2021, og supplert 17.02.2022, 12.04.2022 og 23.06.2022. Saka gjeld søknad om kaifront.


VURDERING:

Søknaden skal gje de opplysningar som er naudsynpte for at kommunen skal kunne gje løyve til tiltaket jf. pbl. § 21-2(1). Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Det vert sendt inn teikning av éin kaifront:



men det søkjast om tiltak to stader



Det er uklart kor tiltaket er ment å plasserast av dei to plassane, evt. om det skal vere identisk kaifront begge stader. Kaien er vidare ikkje teikna inn i kartet, slik at nøyaktig plassering i høve til eksisterande omgjevnader er uklar. Utan at tiltaket teiknast inn i kartet kan kommunen heller ikkje tek stilling til om tiltaket hamner innanfor eller utanfor formålsgransene til U/N/B.01 og U/N/B.02.

- Søkjer vert tidlegare informert om at søknaden skal delast opp, slik at det sendast inn ein komplett søknad for kvart tiltak dei forskjellige stadene.
- Søkjer vert og informert om at det må føreligg løyve etter hamne- og farvasslova. Søkjer svarte at dette vil ordnast når løyve etter plan- og bygningslova føreligg. Kommunen kan ikkje gi tillatels i eitt trinn før tillatels etter hamne- og farvasslova føreligg jf. samordningsplikta. Søkjast det om tiltaket på nytt, må det i så fall søkjast om rammeløyve.
- Det vert sendt inn søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar. Kommunen gjer oppmerksom på at vilkåra for sjølvbyggjaransvaret er at det skal dreie seg om

bustad/fritidsbustad til eget bruk. Ein kan ikkje sjå at desse vilkåra er oppfylt her. Det visast elles til DiBK sin rettleiar til SAK10 § 6-8(1):

Vilkårene er for det første at det dreier seg om bolig- eller fritidsbygning (helårsbolig, fritidsbolig og garasje, uthus, påbygg, tilbygg o.l.). Eiendom til annet formål (f.eks. næringsvirksomhet) faller utenfor.

Det er vidare et vilkår at det gjelder byggverk til selvbyggers eget bruk. Enebolig (eventuelt med sekundærleilighet) omfattes, mens tomannsbolig faller utenfor. Også rekkehus faller av samme grunn utenfor.

Kommunen anbefaler at søkjar vurderer å nytte ansvarleg føretak ved evt. ny søknad om tiltak.

- Vi kunne ikkje sjå at kaiene det søkjast ny kaifront til vert omsøkt. Kommunen må vurdere tiltak utifrå godkjende og juridisk bindande arealtilstand. Dersom det i framtida sendes inn ny søknad ber vi om at førehaldet til eksisterande kaiar avklarast:



Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alfred Einar Mjelde
Terje Birkeland

Selfallet 82 5936
Mobergsbakke 5200
n 18

MANGER
OS